

Møteprotokoll

Utval: Kinn kontrollutval
Møtestad: Rådhuset Måløy - Fjernmøte
Dato: 04.05.2021
Tid: Kl. 10:00 -13.15

Medlemmar som møtte

Bjørn Hollevik
Helen Hjertaas
Kjell Heggen

Reprenterer

Funksjon

nestleiar
medlem
leiar

Forfall

Aud Norunn Vig

Tom Andre Hopland

Reprenterer

Varamedlem

Ikkje melde avbod. Vara
såleis ikkje innkalla.
Nils Isak Myklebust

Reprenterer

Andre som møtte

Vest kontroll: Jostein Støylen. Dagleg leiar

Vestland Revisjon: Stig Årdal. Forvaltningsrevisor. I sak 16

Kommunen: Ola Teigen. Ordførar. I deler av møtet.
Terje Heggheim. Kommunedirektør. I deler av møtet.
Rolf Bjarne Sund. Kommunalsjef. I sak 15. Orienteringane 3 og 4
Sissel Leni Sundal Nærø. Kommuneadvokat. I sak 15. Orientering 6.
Vidar Vårdal. Rådgivar eigedom. U sak 15. Orientering 6

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
11/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/214
12/21	Godkjenning av protokoll	21/214
13/21	Skriv og meldingar	21/214
01/21	FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021	21/20
02/21	FKT - Fagkonferanse 1-2 juni. 2021 - Digital	21/20
03/21	Kontroll i mediene	21/20
04/21	KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep	21/20
05/21	Vedtak frå kommunestyret - Kinn kontrollutval - Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune	21/20
06/21	Vedtak frå kommunestyret - Kontrollutvalet - Årsplan 2021	21/20
07/21	Vedtak frå kommunestyret - Lovlegkontroll på val av kontrollutval	21/20
08/21	Vedtak frå kommunestyret - Kontrollutvalet - Årsmelding 2020	21/20
09/21	Årsmelding 2020 - Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordande	21/20
10/21	Årsmelding 2020 for Pasient- og brukarombodet i Vestland, kontor Bergen	21/20
14/21	Rapport frå tilsyn med NAV Kinns behandling av søknadar om økonomisk stønad etter sosialtenestelova, for personar med forsyttaransvar for barn.	21/18
15/21	Orienteringar	21/214
01/21	Nordfjord havn IKS - status vedkomande kontroll	21/214
02/21	Kontrollaren - orientering om avviksbehandling	21/214
03/21	Komunediretøren - orientering om momskompensasjon for symjeanlegg	21/214
04/21	Kommunediektøren - orientering om tilbakemelding på innsynskrav m.m.	21/214
05/21	Kommunedirektøren - orientering om avtale vedkomande Flora Samfunnshus	21/214
06/21	Kommunedirektøren - orientering om avtale West Consult	21/214
16/21	Vedtaksoppfølging	21/214

17/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/214
18/21	Prosjektplan - bestilling av forvaltningsprosjekt	21/217

Stad, 10.05.2021

Kjell Heggen

11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Behandling:

Etter ynskje frå kommunedirektøren vart orienteringssakene tekne først. Dette av omsyn til personalet hans som skal skal bistå i desse sakene. Etter orienteringane vert det å gå tilbake til saklista.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

12/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 29.01.2021.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 29.01.2021.

13/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	FKT - Fagkonferanse og årsmøte 2021
02/21	FKT - Fagkonferanse 1-2 juni. 2021 - Digital
03/21	Kontroll i mediene
04/21	KS gir råd til kommuner for å redusere risiko for nye dataangrep
05/21	Vedtak frå kommunestyret - Kinn kontrollutval - Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune
06/21	Vedtak frå kommunestyret - Kontrollutvalet - Årsplan 2021
07/21	Vedtak frå kommunestyret - Lovlegkontroll på val av kontrollutval
08/21	Vedtak frå kommunestyret - Kontrollutvalet - Årsmelding 2020
09/21	Årsmelding 2020 - Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordande

Vedtak:

- 1 Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
- 2 Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere utvalet om kommunen si sikring for å unngå dataangrep og for å redusere konsekvensane om slikt angrep likevel skjer.

Behandling:

Vedkomande skriv 1. FKT kontrolutvalskonfransen. Det vert gitt klarsignal til at Bjørn Hollevik og vara Nils Myklebust melder seg på konferansen. Kjell Heggen vil avvente - men kan også melde seg på. Koferansen vert digital.

Vedkomande Skriv 3. Kontroll i mediene/ingormsjonsstrategi: Dette er tilhøve ein kjem tilbake til når Reglementet for kontrollutvalet skal behandast.

Vedkomande skriv 4. Dagleg leiar meinte at ein må få setje dette med Risiko for dataangrep på dagsorden. Viste til dataangrep på kommunar og på Stortinget og dei store konsekvensar slik medfører.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

14/21 Rapport frå tilsyn med NAV Kinns behandling av søknadar om økonomisk stønad etter sosialtenestelova, for personar med forsyttaransvar for barn.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

Behandling:**Dagleg leiar si tilråding**

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

15/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	Nordfjord havn IKS - status vedkomande kontroll

02/21	Kontrollaren - orientering om avviksbehandling
03/21	Komunediretøren - orientering om momskompensasjon for symjeanlegg
04/21	Kommunediektøren - orientering om tilbakemelding på innsynskrav m.m.
05/21	Kommunedirektøren - orientering om avtale vedkomande Flora Samfunnshus
06/21	Kommunedirektøren - orientering om avtale West Consult

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende. Det hindrar ikkje at saker om er omatta av orienteringane kan takast opp på breiare basis på eit seinare tidspunkt.

Behandling:

Orientering 1/21. Orientering om status vedkomande kontroll av Nordfjord Havn IKS. (Saka vart teken til sist av orienteringane).

Ordføraren stadfesta på spørsmål at kommunen har løyvd inntil kr 500.000 for gjennomføring av kontrollen.

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte kort om prosessen frå kommunestyretvedtaket og fram til val av tilbydar. Fire firma var inviterte og to ga tilbod.

Kontrollen er i gang i veke 18, ein forventar at resultat ligg føre i løpet av mai. Vest kontroll har i posessen hatt god dialog/bidstad frå leiar Arve Klokk i Innkjøpsavdelinga.

Orientering 2/21. Avviksbehandling i kommunen: Kontrollar Berit Osa gjorde ei grundig orientering om kvalitets-/avvikssystemet Compilo ved å vise korleis systemet virkar. Statestikkar ein kan få ut. Systemet er under gradvis innføring og Helse- og sosialsektoren er først. Deretter følgjer Oppvekstsektoren.

Orientering 3/21. Momskompensasjon synjeanlegg. Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte. Momskompensasjon vert sjekka ut med Skatteetaten m.fl. Slik saka ligg vedkomande badeanlegg i Nordfjord så reknar han med at det ligg innan for ramma for momskompensasjon og reknare ein med at anlegget i Nordfjord ligg ann til mva. kompensasjon. Det er nett kome medling om lemping av reglane.

Orientering 4/21. Prosedyre vedkomande innsynskrav. Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte. Innsynskrav skal svarast på innan tre virkedagar. Det vart vist til konkrete saker der fristen ikkje er halden. Årsaka kan vere at det er uklart kva det krevd innsyn i. Kommunedirektøren opplyste at dette med innsynskrav var tema på nyleg avhalde internt møte. Krava om at rutinane skal følgjast er no innskjerpa, dvs. at saksbehandlarar og dokumentseiteret har fått klarlagt sine oppgåver i høve til behandling av innsynskrav. Kommunalsjefen ser at det ein jobb å gjere vedkomande kvalitetssikring av dette med innsynskrav.

Kontrollutvalet gav uttrykk for at kommunedirektøren må kome tilbake med korleis dette fungerer i praksis etter innskjerpinga. Det vil kommunedirektøren gjere i neste møte.

Orientering 5. Vedkomande avtale med Bistro to kokkar og Samfunnshuset. Kommunedirektøren orienterte.

Saka er under behandling. Han manglar fullmakt frå formannskapet eller så la formannskapet behandle saka, for å få den avslutta.

Orientering 6. Orientering om iWest consult vedkomande rådhusprosjektet. Det vart stilt spørsmål vedkomande Bjørn Hollevik sin habilitet, då som utleigar av kontorlokale til Kinn kommune. Han har tidlegare vore kjent inhabil når saka har vore oppe.

Dette er no kun ei orienteringssak der det ikkje skal gjerast noko konkret vedtak. Hollevik gikk frå ved vurdering av behandling av spørsmål om habilitet. Kontrollutvalet stemte så over om Hollevik var inhabil eller ikkje. Habiliteten var vurdert ut frå Forvaltningslova § 6 2. ledd. Han vart samrøystes kjent habil til å delta i orienteringa. Rådgivar eigeidom Vidar Vårdal og kommuneadvokat Sissel Leni Sundal Nærø frå juridisk avelding orienterte vedkomande prossen med å terminere avtalen med iWest Vonsult. Det vart også orientert om beløpet sin storleik. Konklusjon: Partane var innstilte på å finne ei minneleg løysing.

Laiar Kjell Heggen kom med tillegg / endringsforslag: Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende. Det hindra ikkje at saker som er omfatta av orienteringane kan takast opp på breiare basis på eit seinare tidspunk. Det vart stemt og forslaget til Heggen vart samrøystes vedteke

Dagleg leiar si tilråding

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

16/21 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

17/21 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

Kommunedirektøren gir utvalet tilbakemelding til neste møte på: Kor mange innsynsbegjeringar ligg føre per 30.04.2021, av desse kor lenge har ulike innsynskav lege ubesvarte, og kva tid vert det gitt svar.

Behandling:

Nils Myklebust stilte spørsmål vedkomande saker som kjem opp, og at det vert stilt spørsmål ved om saksutreiinga er god nok. Han nemnde skulebruksplanen og kjøkentenesta. Nestleiar Hollevik opplyste at det er det enkelte utval som avgjer om dei synest saker er nok opplyste/utgreidde til at dei vil ta saka opp til behandling eller sende dei tilbake til administrasjonen for betre utgreiing. Vert det akseptert at saka skal behandlast vert og saksutgreiinga vurdert som tilfredsstillande. Vidare vart det drøfta at det kan sjå ut til at kommunen ikkje følgjer lov-regelverket når det

gjeld å svar på innsynkrav. Det vart nemnd døme på dette.
Det kom forslag frå nestleiar Hollevik: Kommunedirektøren gir utvalet tilbakemelding til neste møte på: Kor mange innsynsbegjeringar ligg føre per 30.04.2021, av desse kor lenge har ulike innsynskav lege ubesvarte, og kva tid vert det gitt svar.
Det vart stemt over forslaget som var samrøystes vedteke.

18/21 Prosjektplan - bestilling av forvaltningsprosjekt

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Arbeidssituasjonen innan pleie- og omsorg – Kinn kommune i samsvar med prosjektplan datert 05.03.2021.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 02.12.2021.

Behandling:

Forvaltningsrevisor Stig Årdal var til stades og orienterte om prosjektplanen og svara på spørsmål.

Drøftingane i kontrollutvalet vart forvaltningsrevisor beden om å ta med til vurdering vidare i prosjektarbeidet. Han hadde notert ned det som kom fram.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Arbeidssituasjonen innan pleie- og omsorg – Kinn kommune i samsvar med prosjektplan datert 05.03.2021.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 02.12.2021.